

Årsmøteprotokoll

Quality Hotel Vøringfoss, Eidfjord

Fredag 1. april, 2016, kl.14.00.

Leiar Per Helge Sekse opna møtet.

Sak 1. Val av ordstyrar og skrivar

Johan Vaa, Vinje, vald som ordstyrar.

Nils Bjørn Vistad (sekr) vald som skrivar.

Sak 2. Godkjenning av innkalling, sakliste og fullmakter

Ingen merknad til innkalling og sakliste.

Ingen fullmakter.

Sak 3. Opprop

Systematisk opprop frå medlemslista, v/skrivar. Det deltok 15 personar i møtet. Navneliste blir vedlagt hovudprotokoll. Dei frammøtte representerte om lag 1,5 mill.da.

Sak 4. Årsmelding

Årsmeldinga vart gjennomgått ved leiar. Ingen særskilte merknader.

Årsmeldinga samrøystes godkjend.

Sak 5. Rekneskap

Gjennomgang ved nestleiar Stein Verpe, Hol.

Dårleg avkastning på kapitalen i Landkreditt vart nemnt. Revisjonsberetningen vart opplest.

Rekneskapen samrøystes godkjend.

Sak 6. Godtgjersle til tillitsvalde

Orientering og innstilling ved Odd Gunnar Vikan, Nore og Uvdal.

Årsmøtet vedtok samrøystes vidareføring av satsene frå i fjor: Kr.1.000 pr. møtedag, og godtgjering til leiar Kr.30.000 (utan daggodtgjering for møter). Kasserargodtgjeringa kr.3.000. HG har eigen rekneskapsføring.

Sak 7. Medlemskontingent for 2016

Styret v/Per Helge Sekse gjorde framlegg om uendra satser. Samrøystes vedtak om

vidareføring av dagens praksis: Grunnbeløp kr.200 + kr.60,- pr. km² (1000 dekar). Godkjend av møtet.

Sak 8. Budsjett for 2016

Framlegg til budsjett v/Torgils Eide,- med samla ramme på kr.243.000 (243.000 i fjor).

Budsjettet samrøystes godkjend.

Sak 10. Arbeidsplan

Leiar gjekk gjennom styret sitt framlegg til arbeidsplan, som i all hovudsak fylgjer tidlegare oppsett. I samband med kort debatt om dette, vart Svein Erik Lund berømma for godt arbeid i Villreinutvalet.

Arbeidsplanen vart så samrøystes vedtatt.

Sak 10. Innkomne saker

Ingen innkomne saker.

I møtet vart stillt spørsmål frå Christian Holtermann om kven som fastset kvotene og fordeler desse lokalt. Leiar svara på dette.

Sak 11. Val

Leiar i valkomiteeten skulle dette år vera frå Hordaland, men uvisst av kva for årsak var vedkomande ikkje innforstått med dette. Difor vart valet heller ikkje så forberedt som det burde ha vore,- og styret har då også i sitt møte før årsmøtet vedtatt prosedyrer for innskjerpning for ettertida.

Valet gjekk likevel rimeleg greit. Alle val vart samrøystes, utan motkandidatar. Styremedlemmer vald for 2 år, leiar og nestleiar for 1 år.

Styremedlemer på val (reellt oppnemnd lokalt, men blir likevel formelt vald i årsmøtet):

- Eidfjord **Anve K. Myklatun** (attval), med vara **Gunnar Læg Reid** (attval).
- Odda **Torgils Eide** (attval), med vara **Knut Berge** (attval).
- Tinn **Robert Pedersen** (attval), med vara **Nils Kvåle** (attval)

Leiar: **Per Helge Sekse** Ullensvang (attval)

Nestleiar: **Stein G. Verpe**, Hol (attval)

Valnemndmedlem (3) år, frå Hordaland: **Bergfinn Kvalnes**, Odda, vara **Jon Opheim**.

Revisorar: **Britt Karin Flaata og Maj Reidun Nørstebo** (attval på begge).

Villreinutvalet (4 år): Vinje: **Henning Ø. Poulsson** (ny)

Hol: **Erling Bjørkheim** (attval)

Tinn: **Karl Halvor Skårberg** (ny)

Nore/Uvdal: **Odd Gunnar Vikan** (ny)

2 varavalde: **Johan Vaa**, Vinje (nr.1)

Anve K. Myklatun, Eidfjord (nr.2)

(Henning Ø. Poulsson vart i Villreinutvalet sitt årsmøte etterpå vald til leiar av Villreinutvalet).

Fjelloppsynet: **Torgils Eide** (ny) med vara **Stein Verpe** (attval)

Avslutningsvis orienterte Johan Vaa kort om stoda i arbeid med framtidig forvaltning på Hardangervidda og Nils Bjørn Vistad supplerte kort om høyringa av faggrupperapporten (levert desember 2014) som regjeringa har konkludert på nå rett før jol 2015.

Erling Bjørkheim hadde ein kommentar i møtet om SNO's ansvarsområde i samband med villreinteljing m.v.

Nils Bjørn Vistad, skrivar

